



Brødrene Lunde Eiendom AS  
Ole lunde  
Hopsdalsvegen 176  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/4063 - 22/4575

Saksbehandlar:  
Tone Furustøl  
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:  
24.01.2022

## Stadfestar mottatt klage på ilagt gebyr - gbnr 126/14 Hope

**Tiltak:**

**Byggjestad:** Gbnr: /

**Tiltakshavar:**

**Ansvarleg søkjar:**

Vi stadfestar med dette å ha mottatt dykkar klage på ilagt gebyr - delingssak 20/6670 og oppmålingssak 21/4063 - gbnr 126/4 Hope. Klagen er sist supplert med e-post den 15.12.2021 om status i klagesak på gebyr – sak 21/4063.

Tidlegare utstedt faktura pålydande kr 29.670,- er tidlegare kreditert. Revidert fakturanotat er skrevet i oppmålingssaken, sak 21/4063 med JP 21/63433. Revidert fakturaordre er utstedt den 27.09.2021 med JP 21/64276. Noverande klage på revidert faktura er pålydande kr 28.570,-.

Gebyr vert fakturert når det er fatta vedtak i saka, jf. Gebyrregulativet for Alver kommune 2020 pkt. 4.4. første ledd første punktum.

Klage på ilagt gebyr følgjer pkt. 4.11 i Gebyrregulativet for Alver kommune 2020. I følgje pkt. 4.11 første ledd første punktum, så er gebyr er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over forskrift, jf. pkt. 4.11 første ledd andre punktum. Det kan ikkje kan klagast over at det vert kravd gebyr eller over storleiken på gebyret, jf. pkt. 4.11 første ledd tredje punktum.

Saksbehandlingsfristen for klage på ilagt gebyr følgjer av forvaltningsloven §11a første ledd. Kommunen skal forberede og avgjere saker «uten ugrunnet opphold». Kva som er «ugrunnet opphold» må bero på ein konkret vurdering. Dersom ein sak vil ta «uforholdsmessig lang tid», skal kommunen gi eit foreløpig svar, jf. forvaltningslovens §11 annet ledd. Kva som er «uforholdsmessig lang tid» beror på en konkret vurdering. Det leggast blant annet vekt på sakens omgang og kompleksitet, tal partar og tal forvaltningsorgan som er involvert og kor stor belastning det er for den enkelte å vente på ei avgjerd i saka.

I dykkar sak vil vi gje dykk tilbakemelding innan kort tid.

